

# RETNINGSLINER FOR PSYKOSOSIAL OMSORG OG STØTTE VED ALVORLEGE ULYKKER OG KRISESITUASJONAR I SELJORD KOMMUNE. (2002)

## Kriseteam.

### 1. ETABLERING

For å kunne gje omsorg og støtte ved ulykker og alvorlege kriser er det oppretta eit kriseteam i Seljord kommune

Kriseteamet inngår som ein del av kommunen sin beredskapsplan.

### 2. FORMÅL

Formålet med kriseteamet er å hjelpe menneske som har vore utsett for store kjenslemessige påkjenningar i samband med ulykker/krise/katastrofar innanfor kommunen, og gje eit tilbod til innbyggjarane i Seljord som har vore utsett for tilsvarande opplevingar utanfor kommunen.

Trongen for slik hjelp vil variere sterkt frå person til person, og må ikkje bare vurderast objektivt ut frå den faktiske hending, men også utifrå kjenslemessige reaksjonar, korleis hendinga vart opplevd subjektivt og kva slags naturleg nettverk som faktisk er der. Mange høve som for eksempel tidlegare traumatiske erfaringar vil påverke dei psykiske reaksjonane etter ein dramatisk oppleving.

### 3. ORGANISERING

Kriseteamet er tverrfagleg samansett av:

Avdelingsleiar for psykisk helse (leiar)

Lege

Prest

Lensmann

Barnevernsamarbeidet

Pedagogisk konsulent

Teamet organiserer seg sjølv i forhold til ulike arbeidsoppgåver internt.

### 4. VARSLINGSRUTINER

Kriseteamet sine tenester kan bli rekvirera frå lege, politi, ambulanse og brannvesen, eller legevakt-sentral.

**Teamet bør bli varsla ved sjølv mord.**

Den av teamet sine medlemmer som vert varsla, har ansvar for å kalle inn andre medlemmer.

Innkalling av ytterlegare personell vert vurdert av teamet. Leiar skal **alltid** bli varsla.

Ved ulykker/kriseprega hendingar i kommunen sin eigen organisasjon, er det naturleg at rådmannen vert varsla.

### 5. OPPMØTESTAD/BASE

Teamet sin oppmøtestad er: Kyrkjekontoret

(Det kan vera greitt å ha ein fast møteplass, men det kan ut frå situasjonen vera naudsynt med andre møtestader.)

#### 6. KONTAKT MED MEDIA

Lensmann eller ein annan i teamet har ansvar for kontakt med media.

#### 7. DEBRIEFING

Kriseteamet tek sjølv ansvar for eigen debriefing og sørgjer for naudsynt bistand.

Kriseteamet hjelper med debriefing av andre hjelpepersonell, men dette må avtalast frå den enkelte gruppeleiar.

#### 8. OPPLÆRING

Grappa har sjølv ansvar for eigenopplæring. Grappa vil kunne bidra med opplæring/rettleiing til andre i kommunen.

Samarbeid med tilsvarande grupper i nabokommunar i opplæring og erfaringsutveksling er aktuelt.

#### 9. INFORMASJON OM TILBODET

Informasjon om kriseteamet sin eksistens og tilbud, samt oversikt over medlemene, vert sendt til alle verksemder som kan ha trong for slik informasjon. *Kontakt med kriseteamet blir formidla gjennom desse.*

Krisegruppa sørgjer sjølv for at ajourført medlemsliste vert sendt til aktuelle instansar.

Aktuelle instansar:

Telemark politidistrikt, brannvesen, legevakt, ambulanse, Røde kors hjelpekorps, rådmann

#### 10. MEDLEMER

Rekvirerande instans vender seg til ein av følgjande medlemmer:

Navn:
Leiar av kriseteamet: Leiar Psykisk helse Anne Kari Straand Østerberg
Kommunelege Elisabeth Swensen
Sokneprest Kjell Johan Nenseter
Lensmann Torodd Aase
Barnevernsamarbeidet i Vest-Telemark Gunn Annie Hellestad
Pedagogisk konsulent Tone Bøhn

#### 11. EVALUERING

Kriseteamet har evaluering av alle saker undervegs og etter at saka er avslutta.